



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 01.11.2017
Vår ref.: 2014/11042-170
Saksbehandlar: evataul
Dykkar ref.: «REF»

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Vedtak i fylkestinget

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart vedtatt av Hordaland fylkesting 4. oktober 2017 og i Rogaland fylkesting 24. oktober 2017.

Etter §8-4 i plan- og bygningslova vert vedtaket no sendt til kommunane i planområdet, fylkesmannen og statlege organ.

Plandokumentet og informasjon om planprosessen m.v finn ein på våre nettsider under Plan og planarbeid : [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Hordaland fylkeskommune](#)

Endeleg plandokument vil gjennomgå redaksjonelle endringar med omsyn til bilete, språkvask og forord og vil verte sendt i trykt versjon til kommunar og regionale etater.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar kommunal plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
ROGALAND FYLKESKOMMUNE

Vedlegg

1 Saksprotokoll FT Rogaland Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Arkivnr: 2014/11042-156
Saksbehandlar: Eva Katrine Ritland Taule

Saksframlegg

Saksgang

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Vedtak av regional plan

Samandrag

Planområdet i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes samt sjøareal i Vindafjord kommune i Rogaland.

På bakgrunn av vedtatt planprogram er det utarbeidd eit planforslag som Fylkesutvalet sendte på offentleg høyring i perioden 22.mai til 1. oktober 2015. Planforslaget inneheld mål, planomtale, retningslinjer og retningsgjevande plankart.

På grunn av skifte i politisk styre både i fylkeskommunen og fleire av kommunane etter valet i 2015 vedtok fylkesutvalet å opprette ny styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen mot vedtak i fylkestinget.

Etter høyring og offentleg ettersyn i 2015 vart det gjennomført ein del endringar i planforslaget. For å sikre politisk handsaming av innspel i alle kommunane vart revidert planforslag sendt på ei avgrensa høyring i perioden 14. februar til 12. mai 2017.

Basert på innspela i den avgrensa høyringa rår Fylkesrådmannen til nokre endringar i planen. Det er dette forslaget som no vert lagt fram for Fylkestinget i Hordaland.

Forslag til innstilling

1. Med heimel i plan- og bygningslova §8-4 vedtek Fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
2. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystsoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.
3. I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp, H og V::

«Saken tas til orientering.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Framnes sitt forslag som fekk 4 røyster og fall.

Innstilling

1. Med heimel i plan- og bygningslova §8-4 vedtek Fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
2. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystsoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.
3. I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Planen sendes tilbake til fagavdelingen for ytterligere prosess opp mot de berørte kommunene. En slik plan vil være best tjent med at prosessen på utarbeidelse inkluderer kommunene på en god måte. Slik planen foreligger nå har den ikke forankring i flere av de berørte kommunene.»

Røysting (forslaget om ytterlegare prosess)

Hjemdal sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

1. «Under delmål 4.1 vedtar fylkesutvalget følgende tillegg:
... Dette innebærer at en forutsetter at alle parter arbeider aktivt for å innfase den til enhver tid mest miljøvennlige teknologi med tanke på utslipp, forurensing, rømning, smitte og dyrevelferd.
2. Området Lygrepollen og Maurangsfjorden har stor verdi som kultur- og naturlandskap i fjord-Norge. Dei omtalte landskapsområdene utvides i tråd med det som lå i utkastet av 2015.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, Frp, V, MDG, SV, Sp, A og KrF fram slikt forslag:

«På bakgrunn av fylkesordføreren sin invitasjon til dialog om saka fram mot fylkestinget i oktober, tek fylkesutvalet saka til orientering.»

Røysting

Bjorkly sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga. Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkestinget

På bakgrunn av fylkesordføreren sin invitasjon til dialog om saka fram mot fylkestinget i oktober, tek fylkesutvalet saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Kjetil Hestad (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han m.a. har ei rolle som samfunnskontakt for oppdrettsnæringa i Sunnhordland.

Kathrin Innvær Ankervold (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi mannen er prosjektleiar i ei verksemd som har store leveransar i oppdrettsnæringa.

Atle Kvåle (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han som ordførar i Fusa har levert høyringsfråsegn til planen.

Siri Klokkestuen (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho har arbeidd med planen som ordførar.

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho som medlem i kommunestyre og formannskap har arbeidd med planen.

Hestad, Ankervold, Kvåle, Klokkestuen og Ekrheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Det var 52 representantar til stades.

Røysting (spørsmål om inhabilitet)

Fylkestinget vedtok med 27 røyster (H, Frp, 2KrF, 3Sp, V) at Kjetil Hestad ikkje var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Kathrin Innvær Ankervold ikkje var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Atle Kvåle, Siri Klokkestuen og Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim ikkje var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Kjetil Hestad, Kathrin Innvær Ankervold, Atle Kvåle, Siri Klokkestuen og Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim tiltredde saksbehandlinga.

Beate Husa (KrF) sette på vegner av KrF fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføreren:

«Ber om at vi får ei orientering rundt tema «særeigne forhold» knytt til habilitet, der ein gir eksempel på ulike «case» i forhold til habilitet.»

Saksordfører Kjell Håland (A) presenterte planen.

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Saken utsettes. Det tas kontakt med kommunene for å se på mulighet for å kunne imøtekomme/komme til enighet vedr. kommunenes innspill.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Stenseide sitt forslag fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Benthe Bondhus (Sp) sette på vegner av Sp, H, Frp, 1KrF og V slikt forslag til punkt 1-4. Ho sette på vegner av Sp, H, Frp og 1KrF fram slikt forslag til punkt 5:

1. «Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt.

Det er eit nasjonalt mål å auka matproduksjonen til ei stadig aukande befolkning. St.meld. 16 slår fast at oppdrettsnæringa skal ha ein føreseieleg, miljøtilpassa og berekraftig vekst i framtida. I tillegg representerar næringa viktige distriktsarbeidsplasser, og er ei brikka i den grønne skiftet.

Hordaland ønskjer å leggja til rette for ei berekraftig, grøn og moderne vekst i havbruksnæringa, og er svært positive til nye framveksande industriar som kan skapa arbeidsplassar og verdiar, og bidra i nært samarbeid med eksisterande oppdrettsindustri for å gjere denne meir berekraftig og miljøvenleg.

2. Framlegget til Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av kystsona for lokale og regionale mynde. Planframlegget tek ikkje opp i seg på ein god nok måte det overordna målet om auka matproduksjon og korleis havbruksnæringa i fylket skal tryggast naudsynt areal for å ta del i varsla vekstmogelegheiter på lik linje med resten av landet.

Planframlegget visar heller ikkje kor og korleis ein tryggar vekstpotensialet til dei nye grønne havbruksindustriane som industriane, miljøorganisasjonane, og teknologi- og utdanningsinstitusjonar står opp om.

3. I tråd med Regional planstrategi får fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.
4. Plankartet utgår.
Plankartet vert justert i samråd med kommunane og slutthandsamast i fylkestinget, juni 2018.
5. Retningslinjer

§ 2. Generelle retningslinjer

2.40

2.41

2.42

Vert erstatta med:

Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgd. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindauge, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging dersom naustet er fellesnaust, eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.

§ 3 utgår»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. «Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek fylkestinget Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådte endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
2. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystzoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.
3. I tråd med Regional planstrategi får fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.»

Beate Husa (KrF) sette på vegner av KrF og A fram slikt forslag:

«Tek utgangspunkt i innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Endra punkt 2)

Framlegget til regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av kystsona for lokale og regionale mynde. Arbeidet med plankart er eit pilotarbeid, og fylkestinget ber om at dette rullerast etter to år og at kommunane i planområdet skal trekkjast inn i arbeidet.

Nytt punkt 4)

Nytt punkt under paragraf 2 - generelle retningslinjer:

Det skal takast omsyn til at kystgardar skal ha ei bærekraftig utvikling, herunder ha høve til å drive næring innanfor planområda. Dette skal skje i samsvar med dei lokale landbrukskontora.

Nytt punkt 5)

Ein må kvalitetssikre at alle kart som ligg ved i planen er oppdatert.

Nytt punkt 6)

Detaljert arealplanlegging ligg til kommunane sitt ansvarsområde, og er juridisk bindande. Plankartet i den regionale planen er retningsgjevande og skal leggjast til grunn for kommunal planlegging, men det er ikkje juridisk bindande.»

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. «Under delmål 4.1 vedtar fylkestinget følgende tillegg:
... Dette innebærer at en forutsetter at alle parter arbeider aktivt for å innfase den til enhver tid mest miljøvennlige teknologi med tanke på utslipp, forurensing, rømning, smitte og dyrevelferd.
2. Området Lygrepollen og Maurangsfjorden har stor verdi som kultur- og naturlandskap i fjord-Norge. Dei omtalte landskapsområdene utvides i tråd med det som lå i utkastet av 2015.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, MDG) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 1-4 fekk 27 røyster (H, Frp, 1KrF, Sp, V) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 5 fekk 24 røyster H, Frp, 1KrF, Sp og fall.

Husa sitt forslag fekk 30 røyster (A, MDG, SV, R, 3KrF) og vart vedteke.

Golis sitt forslag punkt 1 fekk 34 røyster (A, MDG, V, SV, R, KrF) og vart vedteke.

Golis sitt forslag punkt 2 fekk 6 røyster (MDG, SV) og fall.

Husa sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
2. Framlegget til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av kystsona for lokale og regionale mynde. Arbeidet med plankart er eit pilotarbeid, og fylkestinget ber om at dette rullerast etter to år og at kommunane i planområdet skal trekkjast inn i arbeidet.
3. I tråd med Regional planstrategi får fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

4. Nytt punkt under paragraf 2 - generelle retningslinjer:

Det skal takast omsyn til at kystgardar skal ha ei bærekraftig utvikling, herunder ha høve til å drive næring innanfor planområda. Dette skal skje i samsvar med dei lokale landbrukskontora.

5. Ein må kvalitetssikre at alle kart som ligg ved i planen er oppdatert.
6. Detaljert arealplanlegging ligg til kommunane sitt ansvarsområde, og er juridisk bindande. Plankartet i den regionale planen er retningsgjevande og skal leggjast til grunn for kommunal planlegging, men det er ikkje juridisk bindande.
7. Tillegg under delmål 4.1:

... Dette inneber at ein føreset at alle partar arbeider aktivt for å innfase den til ei kvar tid mest miljøvennlige teknologien med tanke på utslepp, forureining, rømming, smitte og dyrevelferd.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.08.2017

1 Bakgrunn

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger starta opp i 2011 og er forankra i Regional planstrategi for Hordaland. Planområdet omfattar sjøareal og strandsona i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes samt sjøareal i Vindafjord kommune, Rogaland.

Planprogrammet vart vedtatt i Fylkesutvalet i Hordaland i april 2013 og i Fylkesutvalet i Rogaland i januar 2014. Planprogrammet definerer føremål, geografisk avgrensing, plantema og organisering av arbeidet. Det vart definert fire plantema i programmet: berekraftig kystsoneplanlegging, akvakultur, sjøtransport og maritim næring samt strandsona.

På bakgrunn av vedtatt planprogram er det gjennomført planprosess og utarbeidd planforslag med retningsgjevande plankart som Fylkesutvalet sendte på offentlig høyring i mai 2015 med frist 1.oktober, jf PS 146/2015.

Etter høyring av planforslaget i 2015 har det vore skifte i politisk leiing både i fylkeskommunen og fleire av kommunane. I fylkesutvalssak PS 103/2016 vart det vedtatt å etablere ny styringsgruppe for planarbeidet for å gjennomføre den vidare prosessen mot vedtak i fylkestinget. Bakgrunnen for dette var å sikre betre forankring i nytt fylkesting og kommunane.

I samråd med styringsgruppa er det gjort ein del endringar i planforslaget. Det vart sendt på avgrensa høyring til kommunane, statlege etatar og næringsorganisasjonar i perioden 14. februar til 29.mars 2017. Høyringsperioden vart utvida til 12.mai 2017 for å sikre politisk handsaming i alle kommunane. Styringsgruppa har diskutert planforslaget etter høyringa og har tilrådd planen med nokre endringar. Endringane er innarbeidd i planforslaget i vedlegg 1. Dette vert no lagt fram for Fylkestinget til endeleg vedtak.

Det endelege plandokumentet vil gjennomgå redaksjonelle endringar etter vedtak i fylkestinget med omsyn til bilete, forbetring av illustrasjonar, språkvask og utforming av forord.

Alle dokument og vedlegg er å finne på planens [nettside](#).

2 Organisering, medverknad og prosess

2.1 Organisering av planarbeidet

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ prosjektgruppe. I den politiske styringsgruppa har det vore to medlemmar frå Fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland, ein felles representant frå kommunane Kvam, Jondal og Fusa samt ein representant frå Vindafjord kommune og Rogaland Fylkeskommune.

I den administrative prosjektgruppa har det vore representasjon frå kommunane Kvinnherad, Kvam og Vindafjord, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og dei regionale statsorgana Fylkesmannen, Fiskeridirktoratet, Mattilsynet og Kystverket. Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sine ulike fagseksjonar har også deltatt. Fylkeskommunen har vore sekretariat for planarbeidet og det har vore nytta konsulenthjelp for utførande kart- og planarbeid samt akvakulturanalyse. I planprosessen fram til

offentleg høyring i 2015 var det etablert faggrupper med fagpersonar frå kommunane, sektormyndigheiter og organisasjonar for diskusjon og innspel til planutforminga.

2.2 Medverknad

Det vart gjennomført fire større temasamlingar i 2014 og 2015 med brei deltaking der kommunar, regionale og statlege organ, næringsrepresentantar, fagmiljø, organisasjonar og andre har vore representert. Samlingane har fått fram og formidla relevant kunnskap, gitt høve til medverknad, skapt engasjement og forankring til planen. Samlingane har vore retta mot dei fire plantema: sjøtransport og maritim næring, strandsona, akvakultur og berekraftig kystsonoplanlegging. Temasamlinga om strandsona vart arrangert i fellesskap med Interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

2.3 Kunnskapsgrunnlag

Det er utarbeidd akvakulturanalyse som grunnlag for planarbeidet. Analysen er ein såkalla SWOT-analyse som har tatt for seg akvakulturnæringas sterke og svake sider, utfordringar og moglegheiter. Akvakulturanalysen er utarbeidd av anerkjent fagmiljø i dialog med representantar frå fagorgan, næringa og statlege fagetatar.

Som grunnlag for ei kunnskapsbasert planlegging er ei lang rekkje arealretta temadata frå dei relevante fagområda samla frå databasar i kartportal som har vore tilgjengeleg for deltakarane i planprosessen.

[Temakart kystsonoplan](#)

2.4 Prosess etter offentlig ettersyn og høyring i 2015

Etter kommune- og fylkestingsvalet i 2015 vart det skifte i politisk leiing i fylkeskommunen og fleire kommunar. Fylkesutvalet valde difor å etablere ei ny styringsgruppe for å leie prosessen mot endeleg vedtak i fylkestinget. Styringsgruppa har bestått av Kjell Håland (leiar) og Anne-Beth Njærheim frå Hordaland fylkeskommune, Wenche Tislevoll og Odd Harald Hovland frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Jostein Ljones frå Kvam herad og Kjartan Innbjo frå Vindafjord kommune i Rogaland.

Basert på høyringsinnspel og høyringsrapport vart det gjennomført fleire endringar i planforslaget. Endringane har vore diskutert med administrativ prosjektgruppe og styringsgruppa. Det har også vore administrative møter med dei 12 kommunane i planområdet, akvakulturnæringa, Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet. Planarbeidet vart presentert på møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland i september 2016. Styringsgruppa har hatt seks møte i perioden juni 2016 – juni 2017 i tillegg til dialogmøte med Fylkesmannen i Hordaland, Sjømat Norge, Arbeidsgruppa for interkommunal strandsonoplan Sunnhordland og utvalde kommunar. Styringsgruppa gjekk i møte 10.02.2017 inn for at revidert planforslag skulle sendast på avgrensa høyring.

Revidert planforslag vart sendt på avgrensa høyring til kommunane, relevante statsetatar og organisasjonar i perioden 14. februar til 29. mars 2017. Høyringsperioden vart etter oppmoding frå Samarbeidsrådet utvida til 12. mai 2017 for å sikre politisk handsaming i alle kommunane

3 Generelt om innhald i planen

Planen gir gjennom mål, retningslinjer for arealbruk, planomtale og retningsgjevande plankart (analogt og digitalt) retning for arealbruk i sjø og strandsona i Sunnhordland og ytre Hardanger. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år og behov for planrevisjon skal vurderast kvart fjerde år gjennom arbeidet med regional planstrategi.

Hovudmål i planen er at:

- *Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.*
- *Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innafor rammene av ei berekraftig utvikling.*
- *Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.*

Planforslaget har fire hovudtema:

- Berekraftig kystsonoplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsone

Planen inneheld retningslinjer for alle plantema om kunnskapsgrunnlag, medverknad og arealplanlegging. Retningslinjene er verkemiddel for å oppnå måla i planen og vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde.

Det regionale plankartet er ei vurderingssone for vidare kommunal planlegging. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i kommunal arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av kystsonoplanen. Retningslinjer og plankart skal styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar i kystsona. Det er utarbeidd overordna konsekvensutgreiing til planen.

3.1 Plantema berekraftig kystsonoplanlegging


har delmål som seier at:

Dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturressursane skal ivaretakast som grunnlag for bruks- og verneinteresser. Verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. Moglegheitene for allment friluftsliv skal tryggjast og forbetrast.

Planen gjev overordna retningslinjer til kommunal kystsonoplanlegging. Plankartet illustrerer retningslinjene og ivaretar marint naturgrunnlag, landskap, friluftsliv, kulturminne/ kulturmiljø, fiskeri, forsvarrets interesser og skjelsandressursar.

Naturtypar i sjø med svært viktig verdi, ålegrassamfunn, korallførekomstar og registrerte gyteområde er vist i plankartet som *Arealsoner naturmangfald i sjø*.

Planen peiker på fjorten kartfesta regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne som strekk seg over sjøareal og strandsone. Verdiane i desse områda er på eit regionalt eller nasjonalt nivå. I plankartet er desse områda vist som *Arealsoner landskapsområde*. Det er arealretta retningslinjer til områda som seier at nye tiltak skal tilpassast og ivareta verdiane i området. Nye areal for akvakultur og større, varige tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde kan nyttast vidare.



Figur 1. Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne

3.2 Plantema akvakultur

har delmål som seier at:

Akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom ei miljømessig berekraftig utvikling innafør rammene av ei berekraftig utvikling.

Vedtatt planprogram la opp til at det skulle sikrast tilgang til gode produksjonsområde for akvakulturnæringa i sjø og at det skulle definerast ein overordna struktur for akvakultur. I kystsoneplanen er det vist ein framtidig struktur for akvakultur gjennom einbruksområda *Arealsoner akvakultur* og fleirbruksområda *Arealsoner sjø og vassdrag inklusiv akvakultur*. Den framtidige strukturen er basert på utarbeidd arealanalyse der dei ulike interessene i sjøområda er vurdert med omsyn til om dei kan kombinerast med akvakultur. Metoden er skildra i planen og sikrar lik handtering og transparens. Analysen er utført med utgangspunkt i gjeldande lokalitetar for akvakultur og avsett areal til akvakultur i kommuneplanane. Det er lagt vekt på store område som gjev god fleksibilitet og høve for at fortøyingane ligg innafør dei avsette områda. Det er også opna for utviding av områda gjennom fleirbruksområde der det er lågt konfliktpotensiale. Kommunane må sjølv gjere lokale tilpassingar innafør områda og vurdere akvakultur opp mot andre interesser.

I tillegg er det lagt ut kombinerte arealsoner i nye område. Desse områda er tenkt for anlegg som ønskjer å ta i bruk ny teknologi. Det er store område yst i vest for havgåande anlegg og mindre område i indre strok for lukka anlegg.




Fig.2. Akvakultur i plankartet

3.3 Plantema sjøtransport og maritim næring

har delmål som seier at:

Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit regionalt perspektiv og sikrast framtidige utviklingsmoglegheiter.

Farleiene, nødhamner, ISPS-hamner og regionalt viktige fiskerihamner er synleggjort i plankartet med retningslinjer. Område registrert som rigg- og ankringsområde er vist som *Arealsoner kystsoner*. Eksisterande regionalt viktige næringsområde til sjø er kartlagt i arbeidet med interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland. Kartlegging av nye areal til sjø basert på næringsas behov er lagt inn i handlingsprogrammet til planen.

3.4 Plantema strandsona

har delmål som seier at:

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Planframlegget har overordna retningslinjer som ivaretar strandsoneverdiane gjennom retningslinjer knytt til nye tiltak. Det er opna opp for differensiert strandsonerforvaltning til lokale tilhøve gjennom kartlegging og bruk av funksjonell strandsoner i plan. Retningslinjene er i stor grad vidareført frå tidlegare arealpolitiske retningslinjer til Fylkesplan for Hordaland tilpassa nye overordna føringar for strandsona. Det er rom for detaljering gjennom føresegner i Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland innafor rammene av dei overordna retningslinjene.

Dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne som er vist i plankartet ivaretar i tillegg dei konkrete strandsoneverdiane i desse geografiske områda.

4 Høyring og offentleg ettersyn i 2015

Planforslaget var på høyring og offentleg ettersyn i perioden 22.mai til 1. oktober 2015. Høyringa vart kunngjort i Bergens Tidende, Sunnhordland og Haugesund Avis og lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider. Planforslaget vart i tillegg sendt direkte til:

- Kommunane i planområdet
- Regionale statlege organ
- Næringsorganisasjonar
- Interesseorganisasjonar

Det vart mottatt 44 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget.

Det er laga høyringsrapport der alle innspel er vurdert og notat med forslag til endringar i planen.

Basert på høyringsrapporten stilte styringsgruppa seg bak at ein hovudsakleg skulle endre planframlegget på følgjande punkt:

1. Auka omfang av akvakulturareal i plankartet
2. Justering av regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne.
3. Endring av retningslinjene for detaljgrad og handlingsrom for kommunane

4.1 Auka omfang av akvakulturareal i plankartet

For å imøtekomme akvakulturnæringa som meinte at tilgang på areal i planen var for avgrensa og ga for lite utviklingsmoglegheiter, ble det for styringsgruppa lagt fram tre alternative forslag for auka omfang av akvakulturareal i plankartet. Styringsgruppa gjekk inn for at areal til akvakultur i vedtekne kommuneplanar skulle inkluderas i tillegg til at konkrete arealinnspel frå næringa skulle vurderast med same metodikk som i høyringsforslaget. Endringa førte til at areal for akvakultur i plankartet vart auka frå omlag 16% til omlag 22%.

4.2 Justering av arealsone landskapsområde

Til første høyring var dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne vist som omsynssoner. Etter avklaring med Kommunal- og moderniseringsdepartementet vart omsynssonene i plankartet no vist som arealsone for regionale planar i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan (KMD).

Retningslinjene for arealsone landskapsområde vart også tydeleggjort og endra.

Det vart også gjort endringar i dei konkrete areala. Avgrensingane vart lagt utanfor godkjente akvakulturlokalitetar og kommuneplanføremaal til akvakultur, med unntak av Fitjarøyane. I Fitjarøyane er det akvakulturlokalitetar inne i sjøve området. Avgrensing utanfor desse lokalitetane ville føre til at verdifulle område ikkje vart inkludert i sona. Område Fjelbergøy – Borgundøy vart tatt ut og erstatta med sone rundt Romsaøyane som Vindafjord kommune spelte inn. Sona rundt Fykkesund vart utvida til også å omfatte areal kring Norheimsund og Øystese etter innspel frå Kvam herad.

4.3 Endring av retningslinjene for detaljgrad og handlingsrom for kommunane

Det vart tatt inn ei retningslinje for å sikre moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til havbruksnæringa. Retningslinjene for strandsona vart forenkla og gjort meir overordna i høve til første høyring. Dette vart også gjort for å tilpasse retningslinjene til framlegg om Interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland.

4.4 Endringar i planomtale og plankart

Det vart også gjort strukturelle endringar i planframlegget som at retningslinjene vart samla i eige kapittel og betre kopla mot plankartet. Verknad og ramme for planen vart tydeleggjort. Konsekvensutgreiinga vart

samla i eige kapittel og metodikken nytta i planen er lagt inn i planomtalen. Planomtalen er utvida med referansar til retningslinjene og kunnskapsgrunnlaget er oppdatert for naturmangfaldslova, kystlynghei, anadrome vassdrag, anadrom fisk og deira vandringsruter.

Plankartet er oppdatert i høve til godkjente akvakulturlokalitetar per januar 2017 (kjelde: Fiskeridirektoratet) som medfører at nokre areal er teke ut, endra eller at det er lagt inn nye areal. Areal avsett i gjeldande kommuneplanar er inkludert i plankartet. Det er gjennomført ei vurdering for å kunne avsette større samanhengande område til akvakultur. Areala er også vurdert i tråd med same metodikk som nytta i planen til høyring. Omsynssone for forslag til marint verneområde er teke ut av plankartet, men sikra i retningslinjene gjennom føre var-prinsippet.

5 Innspel i avgrensa høyring 2017 og tilrådde endringar

5.1 Generelt om høyringa

Det kom inn 21 fråsegner til den avgrensa høyringa; frå 10 kommunar, 4 regionale statsetatar og 5 næringsaktørar. 3 av næringsaktørane er private akvakulturfirma. I tillegg har Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Fagrådet for Etnevassdraget uttalt seg.

Det er laga ei høyringsrapport der alle innspel er vurdert. Dette er lagt til grunn for dei forslag til endringar som no er lagt fram. Kommunane i planområdet har delt oppfatning av planforslaget; omlag halvparten sluttar seg til planen og andre halvparten er i ulik grad negative. Jondal kommune og Vindafjord kommune har ikkje uttalt seg, Vindafjord har vist til politisk handsaming av forslaget ved offentleg høyring i 2015 der dei slutta seg til.

5.2 Juridiske tilhøve

Nokre av kommunane har etterlyst avklaring av juridiske og faktiske sider ved planframlegget før vidare handsaming. Det gjeld bruk av arealsone landskapsområde i høve til omsynssone samt heimel for plankart. Fylkesmannen i Hordaland har kome med juridisk vurdering av planen datert 02.06.2017 (vedlegg 3). Den juridiske vurderinga slår fast at Hordaland fylkeskommune har heimel til regional planlegging slik det er lagt fram i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Fylkesmannen trekk fram at fleire kommunar har uttaler som bygger på urett forståing av plan- og bygningslova og at det er viktig at planforslaget blir vurdert ut frå ei riktig lovforståing.

5.3 Regional planlegging versus kommunalt handlingsrom

Nokre av kommunane peiker på at dei vil stå fritt til å avsette sjøareal som går på tvers av arealstrukturen i planforslaget og at planframlegget bør ha status som kunnskapsgrunnlag.

Det er kommunen som er planmyndigheit på lokalt nivå. Planen viser arealavklarte område som må vurderast og detaljerast vidare i kommunal arealplanlegging. Dersom kommunane vel å setje av areal utanfor denne viste strukturen, må det grunngjevast og utgreiast særskilt.

Retningslinjene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

Regionale planavklaringar er viktige for gjennomføring av nasjonal og regional politikk. Fylkeskommunen er regional planmyndigheit og regional plan skal ivareta denne oppgåva samt oppgåva som regional utviklingsaktør. Etter plan- og bygningslova skal regional planlegging leggast til grunn for regionale organ sin verksemd, kommunal og statleg planlegging. Regionale planar skal ha eit langsiktig perspektiv og ta for seg oppgåver som krev avveging og avklaring mellom ulike interesser over sektor- og kommunegrenser, samt samordning og forpliktande samarbeid mellom mange aktørar i gjennomføringa.

I vedtatt Meld. St. 22(2015-2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver* er samfunnsutviklarrolla framheva og at regional planlegging er det sentrale verkemidlet for å utøve denne rolla. Gjennom regional planlegging kan ein samordna sektorar og forvaltingsnivå og i fellesskap prioritera utfordringar som krev felles innsats.

I vedtatt Meld.St.18(2016-2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* er også rolla til fylkeskommunane framheva. Det går mellom anna fram at regjeringa forventar at fylkeskommunane tar ei aktiv rolle i planlegging av kystsona, anten gjennom regional planlegging eller ved å støtte kommunane i interkommunale og kommunale prosessar. Det er peikt på at eit regionalt perspektiv på kystsona-planlegginga vil innebere at til dømes areal til akvakulturnæringa ikkje kan fordelast likt mellom kommunane, men må vurderast ut frå kva område som totalt sett er best eigna. Dette vil mellom anna vere naudsynt for å sikre ei berekraftig forvaltning av villaks og anna naturmangfald.

Vedtatt regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 peiker på ei klima- og miljøvenleg utvikling som eit av fire hovudmål for Hordaland. *Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar* er ein vedtatt strategi under dette hovudmålet. Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging med bruk av kart og retningslinjer gir føreseielege og meir effektive planprosessar.

5.4 Kystsonenplanen som motsegngrunnlag

Fleire kommunar peiker på at den regionale kystsonenplanen ikkje skal vere heimelsgrunnlag for motsegn til kommunale planar.

Regional plan med retningslinjer om arealbruk gir grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ. Det ligg i plan- og bygningslova uavhengig av retningslinjene. Dette går også fram av den juridiske vurderinga frå fylkesmannen:

«Det følgjer av plan- og bygningslova § 5-4 at planen vil kunne gi grunnlag for motsegn. Vi viser også til merknaden ovanfor knytt til plan- og bygningslova § 8-2. Det går fram av fleire paragrafar i lova at planen kan gi grunnlag for motsegn. Retningslinjene endrar ikkje på det.

Vi viser i tillegg til at planen skildrar sentrale og viktige nasjonale/regionale omsyn som vil kunne gi grunnlag for motsegn uansett om retningslinjene seier det uttrykkeleg eller ikkje. Fylkesmannen har vore oppteken av at planen ikkje skal ha ein ordlyd som kan lesast som ei innskrenking av mynde til å fremme motsegn. Det er såleis eit sentralt opplysningspunkt i planen.»

Retningslinje 1.3 omhandlar dette: *Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger inneheld retningslinjer som ivaretek måla i planen. Dei regionale retningslinjene vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde*

5.5 Plankart

Fleire kommunar og næringsaktørar er kritiske til plankartet.

Bruk av plankart vart diskutert og vedtatt i planprogramfasen. For å ivareta framtidig struktur for akvakultur og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er det behov for plankart for å synleggjere desse geografiske områda.

Bruk av retningsgjevande plankart i regional kystsonenplanlegging er eit pilotarbeid. Hordaland er eit føregangsfylke for å prøve ut dette. Det er ein føresetnad at ein i neste regionale planstrategi vurderer korleis planen med plankart har fungert og vurderer evt. revisjon. Plankartet som vert lagt ved saka er analogt, men har ein digital versjon som ligg på fylkeskommunens nettsider. Det digitale kartet gjev god informasjon om innhaldet i planen og er lett å bruke.

Plankartet er retningsgjevande og skal leggjast til grunn for kommunal planlegging. Dei avsette områda skal likevel vurderast og detaljerast i dei kommunale planprosessane. Plankartet har ikkje juridisk verknad. Det illustrerer retningslinjene for dei geografisk definerte områda. Dette er i samsvar med vedtatt Regional

planstrategi for Hordaland og nyleg vedtatt stortingsmelding om *Nye folkevalgte regioner* (Meld. St. 22(2015-2016)).

For å synleggjere at plankartet ikkje er juridisk bindande, er det kalla *Retningsgjevande plankart – vurderingssone for kommunal planlegging*.

5.6 Berekraft i planlegginga

Berekraftsprinsippet ligg som premiss i overordna målsetjingar og forslag til regional kystsoneplan. Det er både vist struktur for akvakulturnæringa og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Dette er i samsvar med nasjonale føringar i både vedtatt Meld.St.18(2016-2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt og Nasjonale forventingar for regional og kommunal planlegging 2015*. Regjeringa forventar at:


- Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.
- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengelege kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.

Dei overordna føringane er søkt ivaretatt i kystsoneplanen gjennom avveging av bruks- og verneomsyn.

5.7 Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne

Fleire av kommunane og akvakulturnæringa er kritiske til *Arealsoner landskapsområde* og meiner dei er for store og vil hindre utvikling på land og i sjø. Akvakulturnæringa og Austevoll kommune peiker særleg på sonene i Austevoll som negative utifrå eksisterande busetnad og verksemd. Fitjar kommune trekk fram Fitjarøyane i høve til akvakulturnæringa og flytting av lokalitetar. Fylkesmannen peiker på at ved ny avgrensing av sonene i Maurangsfjorden og Lygropollen, er viktige verdiar utelatt. For å imøtekomme merknadene er det gjort justeringar i arealsonene etter avgrensa høyring:

Avgrensing av område 1. Marsteinen - Skorpo i Austevoll utifrå omsyn til eksisterande og planlagd busetnad ved at det er tatt ut utbyggingsområde frå kommuneplanen i dei områda som har vegsamband. For ein meir naturleg avgrensing av sjøområda, er også grensa justert noko i sjøområda i sørøst.



Figur 3. Område 1. Marsteinen - Skorpo

Område 8. Lygropollen og 12. Maurangerfjorden er utvida noko i høve til avgrensning høyring i 2017 for å ivareta viktige naturverdiar. Sonene er likevel mindre i omfang enn ved høyringa i 2015.




Fig 4. Område 8. Lygrepollen




Fig. 5. Maurangerfjorden

For å ivareta akvakulturnæringa i Fitjarøyane er det foreslått ny retningslinje :

3.1.3 Intern flytting av eksisterande AK-område innanfor landskapsområde Fitjarøyane kan vurderast gjennom kommuneplanarbeidet. Nye lokaliseringar skal utgreiast og vurderast med omsyn til arealverdiane i Fitjarøyane og sumverknad knytt til samla belastning.

I etterkant av høyringa har Tysnes kommune ved rådmannen samordna med administrasjonen i Kvinnherad i brev av 24.08.17 bedt om ny avgrensing for område 7. Godøya i Tysnes, område 9. Halsnøy i Kvinnherad og område 11. Rosendal – Dimmelsvik. Dei meiner seg forskjellsbehandla i høve til Austevoll kommune der det er foreslått ny avgrensing. Dei ønskjer primært at arealsonene berre skal strekke seg over sjøareal, sekundært at det vert gjort ny avgrensing opp mot gjeldande kommuneplanar. Dette konkrete innspelet er ikkje kome i høyringa og etter at styringsgruppa har avslutta sitt arbeid. Retningslinje 1.4 til planen seier at tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne planen. Frå Austevoll har det kome merknader om avgrensing av arealsoner for landskap i begge høyringane, både frå kommunen, næringsaktørar og organisasjonar. Dette har også vore tema for diskusjon med kommunen i prosessen. Endring av område 1. Marsteinen – Skorpo i Austevoll er resultatet av prosessen som heilheit og ikkje på bakgrunn av einskildinnspel.

5.8 Akvakultur

Akvakulturnæringa er stor og viktig i planområdet. Frå statleg hald er det lagt opp til vekst i næringa der miljømessig berekraft skal være ein viktig føresetnad. Arealplanlegging er viktig for å sikre næringas langsiktige arealbehov. Næringa utviklar seg raskt og det skjer endringar innan teknologi og nye artar. Næringa står føre endringar gjennom ny sonestruktur og sjukdomsreglar. Dette er også trekt fram frå næringa ved avgrensa høyring og dei ønskjer at planen vert utsatt til endringane er gjennomført.

I planen er det vist struktur for akvakultur basert på eksisterande lokalitetar med avklarte store einbruksområde og utvida område i fellesområde som kan avklarast vidare på kommunalt nivå. Det er også vist område for ny teknologi (lukka og eksponert) og det er gitt retningslinjer som opnar for lokal tilpassing ved ny teknologi og nye artar. Den viste strukturen for akvakultur som er avklart gjennom kunnskapsbasert arealanalyse er tenkt som hjelp til kommunal arealplanlegging som må detaljere dei viste områda vidare.

Planlegging med retningsgjevande plankart på regionalt nivå er eit pilotarbeid. Gjennom akvakulturanalyse, arealanalyse og samla temadata i open kartportal får kommunane er godt arbeidsverktøy for si planlegging. Dette er viktig i denne fasen med overordna strukturendringar. Dersom vedtak vert utsett til endringane i næringa er gjennomført, er det fare for at kystsonen er blitt mindre aktuell. Det er difor viktig å få vedtatt planen no.

5.9 Fortøyingar

Fleire kommunar og næringa peiker på at fortøyingar må kunne leggjast i areal definert som Arealsoner Sjø og vassdrag generelt.

Det var eit utgangspunkt i planarbeidet at Arealsonene for akvakultur var avsett så store at fortøyingar kunne etablerast innafor. Dette vart gjort ved innhenting av målte data for fortøyingar og gjennom standardformel for utrekning av fortøyingsareal. Djupnetilhøva varierer og vi ser at i djupe område trengs svært lange fortøyingar. Standardformelen fangar ikkje opp dette.

Viser elles til andre og siste ledd av retningslinje 3.3.2. *Områda skal i vere romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast mogleik for fortøying av anlegg i tilgrensande område.*

Planlegging for sikring av fortøyingar kan gjerast på ulike måtar i kommunal planlegging. Kystsonen trekk ikkje opp ein særskilt måte dette skal gjerast på. For å gjøre planen meir tydeleg på dette punktet vert det foreslått eit tillegg i retningslinje 3.3.2 om akvakultur:

«I utgangspunktet er fortøyingsanlegga inkludert i arealsonene. Kommunane må kartlegge faktisk situasjon og detaljere arealsonene som del av kommuneplanarbeidet».

5.10 Farleier

Kystverket har peikt på at omfanget av akvakulturområde i konflikt med farleier bør reduserast. Dei peiker særleg på Langenuen, Ålfjorden og Solesnes/Samlaneset i Hardangerfjorden. Ivaretaking av farleiene er eit hovudprinsipp i planen og dei utvida akvakulturområda er foreslått avgrensa i samsvar med dette. Det er foreslått endringar i avgrensing av akvakulturområde i høve til farlei-linja i Langenuen.




Fig 6. Langenuen

Arealsonene for sjø og vassdrag generelt (utvida område med AK) er avgrensa på begge sider av Ålfjorden i høve til farlei-linja. Dette er tilbakeføring til avgrensinga ved høyringa i 2015.




Fig. 7 .Ålfjorden

I Hardangerfjorden er to akvakultur-område i Jondal; Solesnes og Samlaneset redusert og avgrensa i høve til farleia og raud sone i arealanalysen.




Fig. 8a. Solesnes, Hardangerfjorden




Fig.8b. Samlaneset, Hardangerfjorden

Stord kommune har bedt om at farleiene ved Eldøyane, Skjersholmane og Jektevik – Huglo – Hodnanes vert synleggjort i plankartet. Forslag til dette er avklart med Kystverket og tatt inn i plankartet.




Fig.9. Farleier Stord

5.11 Forsvarets interesser

Forsvarsbygg har peikt på konflikt mellom skytefeltet Strandvik K3 og fellesområde med akvakultur i Fusa (i plankartet: *Arealzone Sjø og vassdrag generelt (utvida område med AK)*). Etter dialog med Forsvarsbygg er område foreslått redusert.




Fig.10. Skytefelt Strandvik, Fusa

5.12 Fiskeri

Fiskeri er handsama i plantema berekraftig kystsoneplanlegging og det er retningslinjer og temakart som synleggjer fiskeri-interessene.

Fiskarlaget er ikkje nøgd med korleis fiskeri er handsama i planen. Dei peiker på at fiskeri er viktig næring som bør ha eige plantema. Dei har også konkrete merknader til tekst om fisk som står i lås. Det er tatt inn i planomtalen. Fiskeridirektoratet meiner at det bør takast inn supplerande tekst om marine artar. Dette er følgt opp i planomtalen.

5.13 Villaks

Tilhøve til dei ville laksestammene er eit viktig tema i Sunnhordland og ytre Hardanger. Det er søkt å ivareta gjennom kystsoneplanen. Etne kommune og fylkesmannen peiker på at dette ikkje er tilstrekkeleg løyst i planframlegget. Kunnskapsgrunnlaget for vandringsvegane til laksen er ikkje tilstrekkeleg, sjølv om ein har indikasjonar på når laksesmolt trekkjer ut til havet.

Lakselus er blitt berekraftsindikator i høve til vekst i oppdrettsnæringa gjennom nytt system med produksjonsområde og kapasitetsjusteringar i lakse- og aureoppdrett. Førebels vurdering (datert 15.06.2017) viser at produksjonsområde 3. Karmøy –Sotra har høg risiko for villfiskdødelegheit på grunn av lakselus og er vist med raud sone.

I planframlegget er villaks søkt ivaretatt gjennom kritisk vurdering av nye og utviding av arealsoner i vandringsvegen til laksen, særleg i utløpet av Hardangerfjorden.

5.14 Interkommunal strandsoneplan

Tilhøve til interkommunal strandsoneplan er tatt opp av fleire kommunar.

Dei regionale retningslinjene for strandsona i kystsoneplanen er på eit overordna nivå. Detaljering av føresegnene i interkommunal plan kan skje innanfor rammene av overordna retningslinjer. Dette gjeld til dømes for plankrav i retningslinje 2.32. Det er såleis ikkje konflikt mellom dei to planframlegga, noko som også er avklara med Samarbeidsrådet i høyringsperioden.

6 Fylkesrådmannens samla vurdering

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og byggjer på eit godt og transparent kunnskapsgrunnlag. Plandokumentet presenterer aktuelle utfordringar og vurderingar på ein god måte med konsekvensutgreiing som synleggjør verknadene av planen. Planen er i samsvar med krav i plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er etter fylkesrådmannen si vurdering ein viktig plan fordi den avklarar akvakulturnæringas arealbehov opp mot andre interesser i kystsona og balanserer bruk og vern i eit berekraftsperspektiv. Planen gir også overordna føringar for planlegging i strandsona som vil være med på vil være med på sikre føreseielegheit i planlegginga mellom kommunane. Planen vil være eit godt verktøy for kommunane sin eigen planlegging. Planen tar opp nasjonale føringar og omset det i planlegging til eit regionalt perspektiv. Det vert gjennom dette lagt ein regional politikk for kystsona i Hordaland.

Fleire av kommunane er negativ til planen og meiner at den ikkje ivaretar lokalt sjølvstyre. Regionale planar skal ha eit langsiktig perspektiv og ta for seg oppgåver som krev avveging og avklaring mellom ulike interesser over sektor- og kommunegrenser, samt samordning og forpliktande samarbeid mellom mange aktørar i gjennomføringa. Kystsoneplanen er eit døme på dette. Planen er retningsgjevande for kommunal planlegging og er etter fylkesrådmannen si vurdering eit godt grunnlag for dette. Det er lagt stor vekt på tilrettelegging av arealdata som er nyttige i kommunal planlegging og forvaltning. Arealanalysen gjev eit føreseieleg og systematisk grunnlag for konfliktpotensiale mellom akvakultur og andre interesser som visast igjen i dei avsette areala.

Som regional plan etter plan- og bygningslova gir kystsoneplanen grunnlag for vurdering av motsegn. Dette går også fram av retningslinjene. Ein viktig bakgrunn for planarbeidet er å gje gode føringar for kommunal planlegging slik at motsegn til kommunale planar vert unngått. Statlege etatar har uansett motsegnrett til kommunale planar dersom viktige nasjonale eller regionale omsyn er trua. Fylkesmannen trekk også fram at Hordaland treng ein overordna kystsoneplan som gir klare føresetnader for kommunale og interkommunale planar som gjeld sjø og strandsone.

Det har vore ein lang og omfattande prosess med planen. Hovuddelen av planarbeidet med medverknad var før offentleg høyring i 2015. Det har likevel vore ein omfattande prosess gjennom arbeidet til styringsgruppa i 2016 og 2017. Det er gjort endringar og tilpassingar i planen ut frå innspel som har kome. Det har vore møter på administrativt nivå med alle kommunane og revidert forslag var sendt på avgrensa høyring for at alle kommunane kunne handsame planforslaget politisk. Styringsgruppa har hatt dialogmøter med Samarbeidsrådet for Sunnhordland, einskildkommunar, sjømat-næringa og fylkesmannen. Det er omlag halvparten av kommunane som gjev sin tilslutning til planen. Det er uheldig at ikkje alle kommunane ser at kystsoneplanen gjev god støtte til eigen planlegging. Plan- og bygningslova er likevel tydeleg på at fylkeskommunen kan vedta regional plan uavhengig av om kommunane gjev tilslutning.

Gjennom nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, stortingsmeldingar og innspel frå fylkesmannen er staten klår på at fylkeskommunen har ei viktig oppgåve med å sikre areal til sjømat-næringa og vege dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser i eit regionalt perspektiv. I kystsoneplanen er dette gjort gjennom retningslinjer, rettleiing og retningsgjevande plankart. Det retningsgjevande plankartet er ei nyvinning og eit pilotarbeid. Fylkesrådmannen meiner det er positivt at Hordaland har tatt dette ansvaret og går føre i arbeidet med å sikre areal til akvakulturnæringa i eit berekraftig perspektiv.

Fylkesrådmannen meiner at dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne følg opp dei nasjonale forventingane om at fylkeskommunane skal identifisera og ta omsyn til viktige verdiar av naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø i regionale og kommunale planar. Tilgjengeleg kunnskap er tatt aktivt i bruk og ein trekk fram og tar omsyn til dei samla verknadene.

Handlingsprogrammet vil også bidra til oppfølging av planen og det vil bli utarbeidd eit meir utfyllande 4-årig program for dette. Framdrift vil vere avhengig av årleg budsjett i fylkeskommunen og eventuelle prosjektmidlar. I tråd med vedtatt regional planstrategi er det Fylkesutvalet som skal følgje opp Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Planen vil verte vurdert i samband med neste regionale planstrategi. Da bør kommunane trekkjast inn i vurderinga av korleis planen med plankart har fungert i perioden.

Fylkesrådmannen har vurdert planforslaget i lys av innspela ein har fått i høyringsperioden og foreslår endringar før endeleg vedtak. Endringane er innarbeidd i planforslag og retningsgjevande plankart i vedlegg 1 og 2. Fylkesrådmannen meiner at dei endringane som er foreslått imøtekjem innvendingar frå kommunane, sjømat-næringa og regionale organ samstundes som planen sikrar ein heilskapleg politikk for regionen.

7 Oppsummering

Planområdet for regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes samt sjøareal i Vindafjord kommune i Rogaland.

På bakgrunn av planprogrammet er det blitt utarbeidd eit planforslag som Fylkesutvalet sendte på høyring i perioden 22. mai til 1. oktober 2015. Planforslaget inneheld mål, planomtale, retningslinjer og retningsgjevande plankart.

På grunn av skifte i politisk styre både i fylkeskommunen og fleire av kommunane etter valet i 2015 vedtok fylkesutvalet å opprette ny styringsgruppe for å gjennomføre den vidare prosessen mot vedtak i fylkestinget.

Styringsgruppa har hatt ei aktiv rolle i vidare utvikling av planforslaget etter høyringa som er revidert og tilpassa innspel frå kommunane, sjømat-næringa og statlege organ. For å sikre politisk handsaming av innspel i alle kommunane vart revidert planforslag sendt på ei avgrensa høyring i perioden 14. februar til 12. mai 2017.

Basert på innspela i den avgrensa høyringa rår Fylkesrådmannen til nokre endringar i planen. Det er dette forslaget som no vert lagt fram for Fylkestinget i Hordaland.